

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 21.01.2005
Sakshandsamar: Berit Bore
Saka gjeld: **Plan for årsoppgjeret 2004**

Styresak 07/05 B
Styret for Helse Vest RHF

Styremøte 02.02. 2005

Bakgrunn

Helse Vest RHF skal avleggje årsrekneskapen innan 30. juni 2004 etter rekneskapslova. Det seinaste tidspunktet rekneskapen kan behandlast er føretaksmøtet i juni.

Kommentarar

Det er laga ein plan for årsoppgjeret som skal sikra at rekneskapen er klar til dette møtet.

Planen er i hovudsak slik:

Oppgåver:	Frist for gjennomføring
Interne transaksjonar og mellomvære med andre selskap i same føretaksgruppe skal være avstemt	10.02.2005
Rekneskapen for 2004 skal være stengt.	10.02.2005
1. versjon av årsoppgjerspakka blir sendt Helse Vest RHF samen med skjema for månadsavstemming.	11.02.2005
Revisjonsgjennomgang i helseføretaka og i morselskapet	15.2-28.02.05
Møte med revisjonen, helseføretaka og morselskapet for gjennomgang av revidert rekneskap	28.02.2005
Innsending av utfylt "årsoppgjerspakke" til Helse Vest RHF, ferdig revidert og inkludert styret si årsmelding.	04.03.2005

Konsernrekneskap blir utarbeida	07.03-11.03.2005
Utarbeiding av styret si melding for konsernet	Frist 14.03.2005
Revisjon av konsernrekneskapen	Frist 14-18.3.2005
Styrebehandling i HF'ene	
Styrebehandling RHF	
Styret sitt forslag til årsmelding, årsrekneskap, ev. konsernrekneskap og revisjonsmelding sendes de som har rett og plikt til å møte på føretaksmøtet.	Seinast ei veke før behandlinga av styret sitt forslag i føretaksmøtet
Behandling i føretaksmøte (siste frist 30. juni)	
Kopi av årsmelding, årsrekneskap, ev. konsernrekneskap og revisjonsmelding skal sendes til Regnskapsregisteret (siste frist 31. juli)	Seinast ein månad etter føretaksmøtet

Dersom forslag til endring av helseføretakslova blir vedtatt, vil det bli naudsynt med korrigering av rekneskapa og ny konsolidering. Det er ei rekkje uavklarte punkter rundt behandlinga av årsrekneskapen i høve til forslag til ny forskrift med heimel i lovendringsforslaget til helseføretakslova. Ein reknar med at desse vil være avklart innan rekneskapa eventuelt må endrast.

Forslag til vedtak

Styret tar den framlagde plan for årsoppgjeret 2004 til orientering